

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6090 Hareid

Dykkar ref: 20180002
Vår ref: 2021/65889
Dato: 09.04.2021
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



UTTALE TIL DETALJREGULERING FOR BREKKANE – HAREID

Mattilsynet mottok 26.03.2021 detaljreguleringsplan for bustadfelt på Brekkane i Hareid kommune, til uttale. Frist til å gi uttale er av avsendar sett til 17.05.2021.

Målet med planen er å utvikle eit heilskapleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og einestadar, samt etablere ny vegløyning og tilhøyrande infrastruktur.

I samsvar med plan- og bygningslova §12-10 er detaljregulering med namn Brekkane lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Samstundes er forslag til utbyggingsavtale, i medhald av plan- og bygningslova §17-4, lagt ut til offentleg ettersyn.

Innspel til det vidare planarbeidet:

- Kartleggje mogelegheita for tilkopling til eksisterande vassforsyning framfor å etablere ny drikkevassforsyning, jf. **Nasjonale mål for vann og helse** pkt. c).
- VA-løysingar skal vere utarbeidd på eit fagleg grunnlag. VA-planen må vere detaljert og bindande for utbygginga innanfor planområdet.
- Mattilsynet forventar at det blir gjort faglege vurderingar for å finne den optimale løysinga for vassforsyninga. På denne måten kan utbyggar tidleg i planprosessen sikre god kapasitet og trygt drikkevann.

Med helsing

Marianne Løseth Høydalsvik

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Fra: postmottak@mattilsynet.no
Sendt: tysdag 13. april 2021 07:24
Til: Postmottak Hareid
Emne: E-post fra Mattilsynet
Vedlegg: Høring _ offentlig ettersyn - Detaljregulering for Brekkane.pdf

Saksnr: 2021/65889


Med vennlig hilsen

Marianne Løseth Høydalsvik
Mattilsynet

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal
postmottak@mattilsynet.no

www.mattilsynet.no www.matportalen.no



Fra: Tone Sundklakk <Tone.Sundklakk@Morenett.no>
Sendt: onsdag 21. april 2021 11:11
Til: Postmottak Hareid
Emne: Innspel til høyring-offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brekkane
Vedlegg: Brekke - Hareid - plassering NS.pdf

Innspel til høyring og offentlig ettersyn - Detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune

Dykkar ref.: 19/780 21/3968

Dykkar dato: 26.03.2021

Vi viser til detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune.

Ved utbygging av om lag 54 nye bueiningar vil det ikkje vere kapasitet i nettstasjon 4150 Brekke (plassert i den austlege delen av reguleringsområdet) til å straumforsyne heile planområdet.

I tillegg vil avstandane frå nettstasjon 4150 Brekke til områda lengst vest bli for stor for å kunne levere høg nok spenning.

Ein må derfor sette av plass i reguleringsplanen for plassering av ny nettstasjon for straumforsyning av området. Nettstasjonen må plasserast sentralt i reguleringsområdet slik at avstanden frå nettstasjon til bueiningar blir så kort mogleg.

Sjå vedlagt kart som viser forslag til plassering av ny nettstasjon og trase for høgspenkabel til nettstasjonen.

Vedlegg: Forslag til plassering av ny nettstasjon og kabeltrase.

Vennlig hilsen



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS

+47 70 04 61 54

+47 41 46 33 95

tone.sundklakk@morenett.no



Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dato: 29.04.2021
Vår ref: 21/03985-2
Deres ref:

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Brekkane i Hareid kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 26. mars 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om planen

Planen skal legge til rette for frittliggande og konsentrerte småhus og einebustader med tilhøyrande infrastruktur. Planen er delvis i tråd med kommuneplanens arealdel, og regulerer eit areal frå tenesteyting til bustadformål. Det er vurdert at planen ikkje skal konsekvensutgreiast.

Fråsegn til planen

Planområdet rører ved sand- og grusførekomst Hareid¹. Førekomsten er allereie sterkt nedbygd, så DMF vurderer det som svært lite sannsynleg at førekomsten skal tas ut i overskødeleg framtid.

DMF kan elles ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for andre registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Brekkane.

¹ Førekomst Hareid: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=56095



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verkøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Hareid kommune

Rådhusplassen 5

6060 HAREID

Kopi til:

Detaljregulering for Brekkane ID20180002

Tilsvar/innspel/klage til plan ID 20180002
Frå Eva Britt Grimstad Jøranli
Gnr 41 Bnr701 og 41/1163 Drammensvegen 30

Kloakk og gråvatten rørledningane går frå huset mitt til kommunens sitt knytopunkt i Drammensvegen. Det går på skrå frå huset over marka nord for energi/trafobygget. Rett under der den planlagde tilkomsvegen går.
Dette må det takast hensyn til utan kostnad for meg.

Legg inn protest mot gjennomkjøringsveg frå Drammensvegen.
Synest planen er svulstig og overdimensjonert.

Området er planlagt brukt til barnehage/ skuleområde i framtida.

Planen tek ikkje trafikale hensyn til elevar som kvar dag i vintersesongen går frå skulen og opp i akebakken.

Akebakken sør for huset mitt har fått avsett for lite til akelengde ,tilkomst og sikring
Det er heller ikkje godt nok med areal avsett til»unnarenet» i botnen av bakken. Og sikring mot vegen som er planlagt skal gå der.

Heile vinterhalvåret har borna og skulen stor glede og aktivitet i denne bakken i friminutt og fritid elles for alle.

Kommunen må sette føringa for vidare utvikling av gangveg og tilkomst til det behovet skulen har i framtida.
Slik det er skissert no går det mykje til spille for framtidig arealutnytting.

Tidligere reguleringskart frå 1974 viser den gamle opprinnelege vegen frå Brekkane mellom husa på tunet til Gnr 41/1 og ned mot Rema og Hareidsvegen.
No er den tilkomsten flytta vest for låven og kan lett vidareførast ned til det nye feltet.

Gangvegen kan lett knytast på vest for ballbingen ved Hareid skule og ved Hareidsvegen.

Frå Drammensvegen bør vegen gå langs gangvegen der den går i dag sør for energibyget.

Dersom reguleringsplanen vert gjennomført som skissert må det takast hensyn til støyskjerming mot tomte mi. Gatebelysninga må utformast og plasserast slik at den ikkje vert til sjenanse for oss som bur her.

I dagens samfunn er lysforurensing blitt eit stor problem for folkehelsa. Det er sikkert gitt ut rundskriv til kommunen om dette.
Det er mykje lyssetting av skulebygg, skuleplass, ballbinge og frå gangvegen, til stor sjenanse for oss i nabolaget.

MVH
Eva Britt Grimstad Jøranli

Drammensvegen 30
6060 Hareid

Tlf 95755512

Hareid 10052021

Fra: evabrittr@gmail.com
Sendt: tysdag 11. mai 2021 14:09
Til: Postmottak Hareid
Kopi: joranli@online.no
Emne: Detaljregulering Brekkane
Vedlegg: Detaljregulering Brekkane.pdf

Sendt fra min iPad

Hareid kommune
Postmottak
6060 HAREID

Vår dato: 11.05.2021
Vår ref.: 201900675-6
Arkiv: 323
Dykkar dato: 26.03.2021
Dykkar ref.: 19/780 21/3968

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune

Vi viser til brev frå Hareid kommune datert 26.03.2021. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for eit heilskapleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og einebustadar, samt etablere ny vegløyning og tilhøyrande infrastruktur.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sine merknader til planframlegget

I NVE sitt innspel til varsel om planoppstart i brev datert 15.02.2019 peika vi på avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire og handtering av overvatn som aktuelle problemstillingar i planarbeidet.

Naturfare

Grunnforhold

Planområdet ligg under marin grense og lausmassekartet viser marine avsetningar. I Risiko- og sårbaranalysen (ROS) er grunnforholda vurdert med tilstrekkeleg tryggleik for områdeskred av kvikkleire, basert på grunnundersøkingar og vurderingar av ERA Geo AS. I prosjekteringsrapporten datert 24.06.2020 skriv ERA Geo at det er gjort funn av kvikkleire i ei avgrensa lomme vest i planområdet, men at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire fordi planområdet er tilnærma flatt. I desse vurderingane er terrengkriteria som er gitt i NVE sin rettleiar lagt til grunn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Det står vidare at lokal stabilitet kan vere utfordrande fleire stader i planområdet, med trong for masseutskifting og varsemd knytt til helling i graveskråningar. I ROS-analysen står at ERA Geo sine råd er følgt opp med krav i føresegnene, og i framlegg er det i § 2.2 vist til rapporten og kva som må følgjast opp i prosjekteringa. Slik vi les rapporten kan det vere utfordringar med lokal stabilitet i store delar av planområdet. NVE meiner det er bra at funna som er gjort i rapporten vert følgt opp i føresegnene, men meiner at det bør knyttast ansvar til å sikre at prosjektering og gjennomføring vert gjort på ein fagleg forsvarleg måte. **NVE rår til at det vert sett krav om ansvarsrett for grunnforhold (RIG) for alle byggesaker i planområdet, og rår kommunen til å revidere føresegnene med eit slik krav før slutthandsaming.**

NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for [innmelding](#) av rapportar på vår nettside. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i [NVE Atlas](#).

Vi ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til [NADAG](#) (nasjonal database for grunnundersøkingar), jf. brev frå NVE til kommunane datert 27.11.2019.

Overvatn

Planframlegget opnar for utbygging av areal som i dag er dyrka mark. Det er avdekka at overvassnettet nedstraums planområdet har avgrensa kapasitet, og det er utarbeidd ein plan for handtering av vatn, avløp og overvatn (VAO-rammeplan). For at utbygginga ikkje skal føre til auka mengde i eksisterande leidningsnett, er det planlagt eit magasin for dryging av vatnet innanfor planområdet. Planframlegget gir rammer for plassering og kapasitet på magasinet, men det er ikkje lagt fram detaljar på korleis det skal utformast.

NVE er nøgd med at det i planarbeidet er retta merksemd på å sikre ei god handtering av overvatn i utbyggingsområdet. I framlegg til føresegner § 4.1.4 er det sett krav om at eit bestemt areal er sett av til handtering av overvatn, utan at det er vist konkrete løysingar. Vi er usikre på kor detaljert avrenningslinjer i og ved planområdet er kartlagt, og om det også kan vere fare knytt til manglande kapasitet på overvassnett ovanfor planområdet. **NVE rår til at avrenningslinjer vert kartlagt og at eventuelle tiltak vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet i føresegnene.**

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Møre og Romsdal fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6090 Hareid

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/780 21/3968	26.03.2021	60909/2021/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	12.05.2021

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsendring Brekkane - offentlig ettersyn

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øverste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld detaljregulering av Brekkane. Målet med planen er å utvikle eit heilskapleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og eiebustader, samt etablere ny vegløyving og tilhøyrande infrastruktur.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Byggetrinn – motsegn

Statens vegvesen varsla motsegn til planen ved varsel om oppstart begge gongane dersom det ikkje vart stilt rekkefølgekrev om opparbeiding av ny rundkøyving ved Holstadkrysset før bruksløyve til bustader innanfor området kan gjevast.

Frå nyttår 2020 overtok Møre og Romsdal fylkeskommune det fulle ansvaret med å drifte og forvalte fylkesvegane frå Statens vegvesen gjennom forvaltningsreforma. I møte 18.11.20 mellom samferdselsavdelinga i fylkeskommunen og Hareid kommune varsla vi at vi ville stå fast ved dei tidlegare vurderingane frå Statens vegvesen om at

det må stillast rekkefølgjekrav ved opparbeiding av rundkøyring i Holstadkrysset før det kan gjevast bruksløyve til bustader innanfor planområdet. Vi har likevel forståing for kommunen si utfordring.

Det er opplyst at ein ser for seg 2 byggetrinn for området. Dette er likevel svært lite omtalt i planomtalen. Ved etablering av første byggetrinn er det opplyst at all trafikk skal sendast mot Hareid sentrum via Drammensvegen. Korleis dette skal sikrast er ikkje omtalt.

Føresegna hindrar ikkje at heile o_SKV1 blir opparbeidd ved første byggetrinn, og kan nyttast for gjennomkøyring. Sjølv om SKV1 blir stengt mot Reiten, er det naturleg å køyre om Brekkane, Reiten, og ut på fv. 61 om brukarar skal i retning Ulstein, da dette er den kortaste vegen.

Dersom det er ønskeleg å utvikle området utan å sette rekkjefølgjekrav til opparbeiding av rundkøyring og undergang ved Holstadkrysset (heilt eller delvis), må det sikrast at trafikken frå det nye feltet på Brekkane går gjennom sentrum. Vi vil ikkje tillate meir trafikk i krysset ved Reiten enn det som er i dag, da det allereie er høgt belasta som tilkomst til mellom anna barneskole, barnehage og større bustadområde.

Med heimel i veglova §§1a og 9 fremmer vi **motsegn til planen** inntil det er greidd ut korleis ein skal sikre at trafikken går via sentrum før det er etablert rundkøyring ved Holstadkrysset. Det må også sikrast at den auka trafikken mot sentrum ikkje unødig blir leda forbi barneskolen eller forverrar trafikktryggleiken til skolevegen. Det må stillast rekkjefølgjekrav til naudsynte avbøtande tiltak.

Byggegrenser

Byggegrenser er vist i plankart, men det er ikkje opplyst nokon stad kva avstanden til senter av fv. 61 skal vera, verken for bustader eller støyskjerm. Byggegrensa med avstand til veg må talfestast i plankart og omtalast i føresegnene.

For leikeplass f_BLK7 er det ikkje vist byggegrense i plankart. Byggegrensa må bli vist også for leikeplassar da det kan førast opp byggverk og større innretningar som er omfatta av byggegrensa på ein leikeplass. Ein må da truleg vurdere om området er stort nok til å tilfredsstille krav til areal for leikeplassen for på f_BLK7 på nytt. For dei områda der byggegrense mot veg ikkje er vist i plankart, vil veglova og rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg vere gjeldande med ein byggegrense på 50 meter frå senter av fylkesvegen.

Passeringslomme

Passeringslomma ved kryss mellom fv. 61 og Myravegen (KV2120) langs fv. 61 er vist regulert vekk i reguleringsplanforslaget. Dette er ei vidareføring av reguleringsforslaget for Hareidsmyrane Nord 2. Vi kan ikkje sjå at denne avgjerda er omtalt i nokon av plandokumentane verken for Brekkane eller i Hareidsmyrane Nord 2.

Ein kan sjå på skulder av fylkesvegen at trafikk legg seg ut for passering, noko som indikerer eit behov for ei passeringslomme. På grunn av støyvoll og skjerm vil det ikkje vere mogleg å etablere passeringslomme når bustader blir etablerte. Vi føreset at vurderingane kring denne avgjerda blir vurdert i det vidare planarbeidet.

Undergang

Hareid har stor gjennomgangstrafikk. Trafikkmengda er stadig aukande, noko som særskilt merkast i rushtida. Stor trafikkmengd og ferjekøtrafikk gjer at det er svært viktig med trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar.

Med heimel i veglova § 1a, nullvisjonen (om null drepne eller hardt skadde i trafikken), samt fylkesplanen utviklingsmål 3, punkt 5: inkluderande og trygge byar- og tettstader fremmer vi **motsegn** til planen på utforminga av det interne gangnettverket i planen med bakgrunn i trafikktryggleik for mjuke trafikantar.

Det er svært viktig at det interne gangsystemet leder mjuke trafikantar til ein av undergangane i vest og aust, for å ivareta trafikktryggleiken til mjuke trafikantar som ønsker å krysse fylkesvegen til sørsida. Det er også ved undergangane at kollektivhaldeplassane er lokaliserte. I aust vil det vere naturleg å etablere fortau langs o_SKV6 heilt ned til undergangen.

Vi vil kunne trekke motsegna når gang- og sykkelvegnettet leier mjuke trafikantar til undergangane.

Vi minner om at det også må visast frisktsoner for gang- og sykkelvegar.

Avkøyrslar

Det er svært bra at eksisterande busetnadar med direkte tilkomst frå Hareidsvegen (fv. 61) no får tilkomst frå Drammensvegen i aust og Reiten i vest. Dette er i tråd med merknadar Statens vegvesen hadde til oppstart. Eksisterande avkøyrslar kan ikkje gjerast om til gang- og sykkelveg, men må gravast vekk (sjå motsegn over).

Støy

På generelt grunnlag ønsker ikkje fylkeskommunen å eige og drifte støyvoll/ skjermar når vi som vegeigar ikkje er den utløysande parten (når vi bygger noko nytt/ gjer andre endringar i vegsystemet, er vi den utløysande parten). I dette tilfellet er det bustadbygging som utløyser behov for støyskjerming. Det er derfor ingen automatikk i at fylkeskommunen ønsker å overta ansvaret for støyvoll og skjerm i dette tilfellet. Tiltaket vil krevje gjennomføringsavtale med fylkeskommunen, og kva som er mest føremålstenleg i dette tilfellet vil vi kome tilbake til på et seinare tidspunkt.

I plankartet er det ikkje tatt med støyskjermen i teiknforklaringa. Dette må tas med.

Berre delar av støyvoll og skjerm som er naudsynt for skjerming av bustadfeltet er vist innanfor planområdet. Den resterande biten ligg innanfor tilgrensande reguleringsplan for Holstadkrysset. I gjeldande plan (2009) er det ikkje nokon krav til høgder eller utforming, men et generelt krav om støyutgreiing:

Før ny utbygging i områda B1 og B2 skal det liggje føre ei vurdering av støybelastning frå riksvegen. Byggesøknad skal omfatte eventuelle tiltak som er naudsynte for å halde bygningar og uteopphaldsareal under gjeldande grenseverdier for støynivå. Ved detaljplanlegging av veg og rundkøyring skal det visast korleis støyskjerminga for dei husa som får støy over retningslinene skal gjennomførast, slik at alle får tilfredsstillande tilhøve."

Ved 2. gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for «Hareidsmyrane Nord 2» har Statens vegvesen og fylkesmannen merka at det må utarbeidast ny støyvurdering for området. Planen er ikkje vedtatt.

Plassering og utforming av støyskjerm i den vestlege delen er såleis ikkje avklart på noverande tidspunkt.

Vi føresett at heile støyvullen med støyskjerm (også det som blir regulert i annan plan) får ein heilskapleg utforming mot fv. 61. Det bør såleis vere ei føresegn som gir noko fleksibilitet til plassering og utforming, slik at det er mogleg å opparbeide ein heilskapleg

støyskjerming som samsvarer med det som ligg utanfor planområdet. Ein bør såleis sette av tilstrekkeleg areal til støyvoll, støyskjerm, og eventuell grøft.

Normalt vil vi krevje at støyskjerm blir etablert minimum 3,5 meter frå kant av gang- og sykkelvegen med bakgrunn i drift og vedlikehald av gang- og sykkelveg. I reguleringsplan for «Hareidsmyrane Nord 2» er det i føresegn 4.5 opna for at støyskjerm kan plasserast i ein avstand på 1 m frå kanten av gangvegen. Vi meiner dette blir i minste laget med tanke på drift og vedlikehald. Avstand til eksisterande gang- og sykkelveg må sjåast i samheng med etablering av støyvoll og tilgrensande støyskjerming. Avstanden til gang- og sykkelveg/ senter av fv.61 må visast i plankart, og sikrast med føresegn.

Støyrapporten viser ei opning i støyskjermen der det interne gang- og sykkelvegssystemet frå planområdet blir leda ut til fylkesvegen. Dersom ein kjem fram til ei annan løysing for gang- og sykkelvegssystemet (jf. motsegn til gangsystemet), må sannsynlegvis også støyskjermen ha opninga ein anna stad. Det må da vurderast om det er behov for ei ny støyberekning på dette punktet.

Føresegn

Føresegn 2.1 som omhandlar støy er mangelfull. Grenseverdiane gitt i T-1442 skal bli lagt til grunn for å sikre at både utandørs og innandørs grenseverdiane blir tilfredsstillande jf. føresegn 3.2.2 i kommuneplanen sin arealdel. Dersom planforslaget tillèt avvik frå grenseverdiane, må det i føresegnene stillast krav om avbøtande tiltak mot støy. I M-128 Veileder til retningslinje T-1442 er det gitt nokre eksempel på korleis føresegnene kan formulerast dersom det skal gis unntak frå grenseverdiane (S. 38).

Formuleringa i føresegn 2.1 c) a) tilseier at alle einingar skal ha tilgang til stille side. Det må presiserast at einingar ikkje berre skal ha tilgang til stille side, men at minimum 50 % av opphaldsrom inkludert minimum eit soverom skal ha vindusfasade mot stille side, kor støygrensene iht. T-1442 tilfredsstillast. I tillegg skal alle bueningar ha tilgang til private uteareal kor støygrensene i T-1442 tilfredsstillast.

Tilvising i føresegnene til vedlegg 4 eller figur 2. i støyrapporten er ikkje tydeleg. Det burde nemnast konkret om forslag 1 eller forslag 2 i støyrapporten skal bli lagt til grunn, dvs. om det skal byggast både skjerm A, B og C eller berre skjerm A og B. Del C er utanfor planområdet, og eldre reguleringsplan har ikkje regulert støyskjerm. Dersom del C også blir lagt til grunn må planområdet utvidast.

I føresegn 4.1.4 m) står det at «Leikeplassen skal ha støynivå Lden ikkje over 55db». Det må stå «leikeplassane» i fleirtal slik at det er tydeleg at det gjeld alle leikeplassane som er vist i planforslaget, der særleg leikeplassen BLK7 vil vere støyutsett.

Barn og unge

Vi viser til føresegner, punkt 8.1 og rår til at dette bør endrast til at nærleikeplass skal vere opparbeidd før det blir gitt bruksløyve for første buening. Vi viser elles til kommentarane som gjeld barn og under ovanfor.

KONKLUSJON

- Med heimel i veglova §§1a og 9 fremmer vi **motsegn til planen** inntil det er greidd ut korleis ein skal sikre at trafikken går via sentrum før det er etablert rundkøyring ved Holstadkrysset.
- Med heimel i veglova § 1a, nullvisjonen (om null drepne eller hardt skadde i trafikken), samt fylkesplanen utviklingsmål 3, punkt 5: inkluderande og trygge

byar- og tettstader fremmer vi **motsegn** til planen på utforminga av det interne gangnettverket i planen med bakgrunn i trafikktryggleik for mjuke trafikantar.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar
Samferdsel: Avdelingsingeniør Ingrid Renate Gjørvad, tlf. 71 28 00 44

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen

Detaljregulering for Brekkane ID:20180002

Merknad/innspeil til plan ID:2018002

Frå Even Rise og Tove Elin Gjerde Rise

Gnr 41/Bnr 1206,Drammensvegen 28

Eg var for ei god tid tilbake i eit møte med Trelast As v/Leidulv Hareide, Terje G. Balsnes og grunneigar Lidvar Grimstad. Bakgrunnen for møtet var planane for området og at planlagd veg kom til å gå på nedsida av eigedomen vår, samt at dei var avhengig av å bruke delar av tomta vår for å sikre fri sikt oppover i Drammensvegen. Dei var på det tidspunktet interessert i å høyre korleis vi stilte oss i å evt selge hjørnet på tomta vår for å få til desse planane. På det tidspunktet og slik planane var lagt fram, såg ikkje vi dette på som noko problem. Det var ikkje på dette møtet snakka direkte om kor monge M2 det var snakk om. Vi kjøpte tomta med Lidvar Grimstad i 2013 meiner eg. På tidspunktet i 2015 då vi var i ferd med å ferdigstille utvendig areal på tomta vår, gjorde vi og Lidvar Grimstad munnlege avtale om tilpasningar på nedsida av tomta vår. Dette var for å ta ned høgda på skråninga vår ned mot det som i dag er mark. Utifrå det som var sagt på møtet med Trelast og Lidvar Grimstad var det hjørnet mot Drammensvegen som var aktuelt å ta. Utifrå vedlegg sendt til oss i posten, kan det sjå ut som tomtegrensa vår i tillegg er flytta oppover (ca i hekken vår) og at hjørnet som tidlegare nemnt er slik som er snakka om på dette møtet. Vi brukar ikkje området nedom hekken vår til noko, so i utgangspunktet kan dette sjå greitt ut (med forbehold om kvar nøyaktig ny tomtegrense blir målt opp og det ikkje blir høgare opp enn hekken er i dag). Eg reknar med at når det blir aktuelt å måle opp nye tomtegrenser for vår tomt, blir vi tatt med i prosessen. Det som har med tomta vår, reknar eg med blir ein åpen og god dialog/prosess slik at alle blir fornøgde.

Når det gjeld den nye vegen som er tenkt er eg skeptisk til forskjellige ting. I ein slik prosess reknar eg med at alt av dagens problem kjem fram. Denne vegen skal etter det eg forstår delast i to byggetrinn. Vegen blir ikkje ein gjennomkøyringsveg før rundkøyringa på Holstad er ferdig. Då skal denne fungere som ein gjennomkøyringsveg for mykje av trafikken som i dag er over Brekkane. Korleis er det då tenkt med Drammensvegen som skal ta denne trafikken. Denne kan umogleg vere dimensjonert for utvidelse av trafikk utan å gjere tiltak. Vi som bor langs denne vegen i dag, opplever tidvis stor trafikk og kaotiske tilstandar oppover og nedover denne vegen. I tillegg til biltrafikk, er der også mjuke trafikantar. Mykje av denne trafikken er selvfølgelig relatert til skulestart/-slutt morgon og ettermiddag. Med dagens skule har dei forskjellige klassene og SFO ulike tidspunkt for oppstart og når dei er ferdige, som gjer at dette ikkje gjeld berre kl 0800 og kl 1400. Poenget mitt er uansett at Drammensvegen slik den er i dag umogleg kan tåle meir trafikk og ivertfall ikkje frå eit nytt byggefelt, samt ta imot trafikk frå ein gjennomkøyringsveg utan å gjere tiltak/utbetringar.

Som ei oppsummering av merknadar og innspel på planane er nemnde punktvis under:

-Har det vore tenkt på andre moglege løysingar for tilkomst til dette nye feltet? Er løysinga som er skissert i planen den einaste som er mogleg å få til. Er gjennomkøyringsveg einaste løysinga? Kva med veg frå Brekkane og ned til Rema og Hareidsvegen, som tidlegare reguleringsplan frå 1974 viser? Kan vel vere greitt med tanke på det eg tidlegare har skreve om den allereide overbelasta Drammensvegen

-Grunn som vi må avsjå, må oppmålast og kjøpast for markedspris som selgar/kjøpar er einige om. Utgifter til oppmåling o.l skal dekkast av utbygger.

-Dei delar av tomta vår som blir berørt, skal stellast til på utbygger si rekning. Vi som tomteeigar skal takast med i kva som er tenkt brukt for å lage til rundt ny tomtegrense.

-Tilknytningspunkt for vatn/kloakk til vår tomt, blir mest sansynleg berørt . Dette var omsnakka på møtet eg hadde med Trelast/Lidvar Grimstad. Dette må sjølvstakt takast hensyn til og takast med i evt kostnader for utbygger.

-Belysning av veg bør vere slik at det ikkje blir eit problem for husrekka som ligg på oppsida av tenkt veg.

-Er området som er avsett til det som i dag er akebakke, stort nok for å hindre at borna renn fram i nye vegen og skapar farlege situasjonar? Gjeld også tilkomsten til akebakken. er den tatt hensyn til?

-Er det tenkt på støyskjerming for rekka med hus på oppsida av vegen som evt kan bli gjennomkøyringsveg i framtida?

-Kva med fartsbegrensing på den nye vegen som kan bli gjennomkøyringsveg. Erfaringsmessig er vel at slike vegar blir so bra at høg fart kan vere eit problem?

Med venleg helsing

Even Rise Tlf 90074380

Tove Elin Gjerde Rise Tlf 95078009

Drammensvegen 28

Hareid 16/5 2021

Fra: Even Rise <evenrise73@gmail.com>
Sendt: søndag 16. mai 2021 20:56
Til: Postmottak Hareid; Tove Elin; Even Rise
Emne: Detaljregulering for Brekkane ID:20180002
Vedlegg: Detaljregulering for Brekkane ID20180002.pdf

----- Forwarded message -----

Fra: **Even Rise** <even@risebygg.no>
Date: søn. 16. mai 2021, 20:40
Subject: Detaljregulering for Brekkane ID:20180002
To: evenrise73@gmail.com <evenrise73@gmail.com>

Hei.

Viser til detaljregulering for Brekkane ID:20180002 .

Sjå vedlegg for kommentarar og synspunkt når det gjeld denne reguleringa

Mvh
Even Rise
Tove Elin Gjerde Rise

Fra: Dröfn Helgadóttir <drofn.helgadottir@vegvesen.no>
Sendt: tysdag 18. mai 2021 08:44
Til: Cecilie Breiteig; Silja Øvreid
Kopi: Postmottak Hareid; Linda Heimen
Emne: Angående høring/offentlig ettersyn - Detaljregulering for Brekkane - deres ref: 19/780 21/3968

Hei

Jeg viser til deres oversendelse av forslag til detaljregulering for Brekkane, med frist til uttale 17. mai 2021.05.18

På grunn av sykdom har vi beklageligvis ikke rukket å skrive ferdig vår uttale til planforslaget innen fristen. Vi vil oversende uttalen vår ila. torsdagen (20.05). Vi håper med dette at vi får tilsvarende forlenget frist og at vår uttale blir tatt hensyn til i det videre arbeidet med planen.

Vi beklager ev. ulempe dette medfører.

Med hilsen
Dröfn Helgadóttir

Statens vegvesen, Transport og samfunn
Transport midt, Transportforvaltning midt 2
Besøksadresse: Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg., Molde
Mobil: +47 94792252 **epost:** drofn.helgadottir@vegvesen.no
www.vegvesen.no **epost:** firmapost@vegvesen.no



Statens vegvesen

HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Dröfn Helgadóttir / 71274186

Vår referanse:
21/60003-2

Deres referanse:

Vår dato:
20.05.2021

Uttale til forslag til detaljregulering for Brekkane – Hareid kommune.

Vi viser til høring datert 26.03.2021 med forslag til detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune.

Saken gjelder

Formålet med planen er å utvikle et helhetlig, sentrumsnært og attraktivt boligfelt for frittliggende og konsentrerte småhus og eneboliger, med tilhørende vegger og infrastruktur.

Planområdet er omtrent 60,9 daa og ligger relativt sentralt til i Hareid. Deler av området er avsatt til boligformål i kommuneplanens arealdel, mens det er politisk vedtatt underveis i planleggingsprosessen at de øvrige delene innenfor planområdet kan settes av til boligformål fremfor den vedtatte bruken offentlig/privat tjenesteyting.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale vegger, gater og løsninger for gående og syklende.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre merknader til planforslaget

Generelt

Planområdet avgrenses av fylkesveg 61 i sør, Drammensvegen i vest, Reiten i øst og Brekkane i nord. Behov og ønske om utbedring av krysset mellom Reiten og fv. 61, Holstadkrysset, har vært et tema i mange år, både på et selvstendig grunnlag og i forbindelse med planarbeid og ønsker om utvikling i nærområdet. Vi savner således mer overordnet analyse og drøfting av forholdene rundt Holstadkrysset og hvordan kommunen ser for seg å utvikle området rundt på en helhetlig måte. Selv om det ble regulert en rundkjøring i 2009, må det være lov å revurdere en slik løsning ut ifra dagens ønsker og behov for å se om det ev. er andre og billigere løsninger som vil kunne ivareta forholdene til trafikkavvikling og trafiksikkerhet på tilfredsstillende måte. Kostnadene med et rekkefølgekrav om realisering av rundkjøring mener både kommunen og utbygger er for heftende for utbyggingsprosjektet alene, men samtidig har hverken kommunen eller Fylkeskommunen avsatt midler til realisering. Vi stiller derfor spørsmål til hvor realistisk det er å knytte rekkefølgekravet til byggetrinn 2, som gjelder mindre enn halvparten av de planlagte boenhetene innenfor planområdet. Vil byggetrinn 2 noen gang kunne realiseres med disse forutsetningene, og/eller blir det aldri noen rundkjøring?

Vi har forståelse for kommunens ønsker om boligutvikling og at kostnadene for utbygging av rundkjøring vil kunne synes urimelige for utbygger å ta alene. Kommunen som samfunnsutvikler har likevel et ansvar for standarden kommunen skal legge til grunn for sine tjenester og hvordan kommunen skal sikre godt og sikkert bomiljø for innbyggerne sine, med tanke på trafiksikkerhet, folkehelse, oppvekstvilkår osv.

Når fortettinger/utbygging skjer gradvis, ev. igjennom flere uavhengige planforslag, og i så liten skala at det kan synes urimelig at utbyggere skal ta kostnaden med oppgradering eller etablering av ny infrastruktur alene anbefaler vi kommunene å vurdere oppretting av infrastrukturfond. Et slikt fond kan være et godt virkemiddel for å kunne opparbeide nødvendig infrastruktur i spleiselag. Vi anbefaler Hareid kommune å vurdere slikt fond, og utarbeide strategi og retningslinjer, i forbindelse med utviklingen og planlegging av områder som påvirker og er avhengige av forholdene i Holstadkrysset.

Trafiksikkerhet og rekkefølgekrav

Vi savner grundigere utredninger av forholdene til trafiksikkerhet og trafikkavvikling. Vi kan f.eks. ikke se at det er gjort trafikkanalyse som sier hvor stor andel av den økte trafikken fra planområdet forventes å kjøre om Brekkane og Holstadkrysset og om dette er forsvarlig uten noen avbøtende tiltak. Tilsvarende kan vi heller ikke se om det er gjort vurdering av om det er forsvarlig å tillate anleggstrafikk over eksisterende avkjørsel fra fv. 61 sør for planområdet uten noen avbøtende tiltak. Det er også uakseptabelt at denne samme avkjørselen reguleres om til gangveg på en slik måte at mjuke trafikanter ledes helt ned til fylkesvegen og inviteres til kryssing. Den delen av eksisterende avkjørsel som ligger mellom gang- og sykkelvegen og fv. 61 må saneres og mjuke trafikanter må ledes til trygge krysningspunkter. Dette og øvrige avbøtende tiltak må sikres med rekkefølgebestemmelser.

Vi viser ellers til Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale angående samferdsel og støtter deres sine innsigelser.

Støy

Vi har ingen vesentlige merknader til støyrapporten, men har lagt merke til at i planbestemmelsene står det at det skal gå frem av plankartet hvilke boenheter har krav om tilgang til stille side. Vi kan ikke se at dette er ivarettatt i plankartet.

Sykkelparkering

Selv om hverken gjeldende eller forslag til ny arealdel til kommuneplanen har egne krav til sykkelparkering bør det gjøres en vurdering av hvordan en kan på best mulig måte legger til rette for å gjøre det attraktivt for beboerne å velge sykkel som daglig transport form. Om det ikke er naturlig å kunne bruke garasje til parkering og lagring av sykler kan f.eks. overbygge sykkelboder, i tilknytning til hver enkelt boenhet eller i fellesanlegg hvor det er passende, ev. med mulighet for lading, være et godt tiltak. Vi oppfordrer kommunen til å stille krav om sykkelparkering i planen, både når det gjelder antall og kvaliteter.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader ovenfor og ber om at disse blir hensyntatt og innarbeidet i planen før den vedtas. Vi forventer at både utredninger av trafiksikkerhet og trafikkavvikling og redegjørelse for de burde vies større plass i planarbeidet og plandokumentene. Kommunen bør også se helhetlig på utfordringene rundt utbedring av Holstadkrysset og vurdere oppretting av infrastrukturfond for å få til et bredt spleiselag for realisering. Vi viser ellers til Møre og Romsdal Fylkeskommune sin uttale som gjelder samferdsel og presiserer at vi deler deres syn på saken og støtter innsigelsene.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Dröfn Helgadóttir

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Hareid kommune gnr41 bnr42 Detaljreguleringsplan Brekkane mfl Offentleg ettersyn - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgaver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Det er lagt ut framlegg til detaljreguleringsplan for Brekkane i Hareid til offentlig ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å utvikle eit heilskapeleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og einebustadar, samt etablere ny vegløyning og tilhøyrande infrastruktur. Det er planlagt inntil 54 bueiningar.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Støy

Planområdet er støyutsett. Etter T-1442/2016 (Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging), er raud støysone eit område som er lite eigna til støyfølsame bruksføremål, og det bør difor ikkje tillatast etablering av m.a. bustader i den sona. Når det gjeld gul støysone, er dette ei vurderingssone der kommunen bør vise varsemd med å tillate etablering av nye bustader osb. I utgangspunktet bør slik bebyggelse berre tillatast dersom ein gjennom avbøtande tiltak tilfredsstiller grenseverdiane i T-1442, tabell 3.

Krava til støy gjeld både for fasader, leikeplassar og for privat uteopphaldsareal. Dersom ein skal bygge bustadar innanfor gul støysone, må det konkretiserast korleis støytilhøva skal oppfyllast for både uteopphaldsareal og leikeplassar. Dersom husfasader kjem innanfor gul støysone, må det også stillast konkrete krav til bustaden, jf. rettleiar til retningslinje T-1442, M-128/2014.

Støyrappporten gjer greie for kva støyskjerming som krevst for at området skal kunne brukast til bustadføremål, men vi kan ikkje sjå at føresegnene i tilstrekkeleg grad eintydig tar opp i seg konklusjonen i rapporten når det gjeld korleis ein skal sikre støytilhøva innanfor planområdet. Det kan vere greitt å vise til støyrappporten, men plankart og føresegner skal også vise konkret kvar støyskjermen skal ligge, kor høg skjerminga skal vere og korleis bygningane skal utformast der ein uansett vil få fasadestøy. Føresegnene må difor endrast, og vi har **motsegn** til planframlegget inntil dette er gjort.

Vi kan heller ikkje sjå at plankartet viser støyskjerm for den vestlege delen av planområdet. Støytilhøva må sikrast for *heile* planområdet, og vi vil også presisere at støykrava gjeld for leikeplassane.

Plankartet må vise heile støyskjermen (og den må inngå i teiknforklaringa).

Vi er gjerne i dialog om utforming av føresegnene før planen sendast på nytt offentleg ettersyn.

Barn og unge

Ein må sikre gjennom rekkefølgeføresegner at nærleikeplassane er opparbeida og utstyrt før det blir gitt bruksløyve til *første* bueining i det området som soknar til kvar enkelt nærleikeplass. Vi har **motsegn** til planframlegget inntil dette er endra.

Føresegna punkt 4.1.4 l) og m) viser til krav til soltilhøve og støynivå. Dette bør eigentleg vere overflødig, då reguleringsplanen set krav til skjerming mot støy for å sikre gode støytilhøve, og planen elles skal sikre at ein legg leikeareal på stader der ein oppnår både gode nok soltilhøve og støytilhøve.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader, og har motsegn til planframlegget inntil plandokumenta sikrar tilstrekkeleg gode støytilhøve for heile planområdet og tilgang til nærleikeplass er sikra allereie ved bruksløyve til første brukseining for den aktuelle leikeplassen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN MOLDE	Fylkeshuset	6404	MOLDE
KONTORSTED			

Floria Aclan Løvfall
Grova 1
6060 HAREID

florialoefall@hotmail.no

964979278
HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dato:26.3.2021

Tilbakemelding på Høring / offentlig ettersyn - Detaljregulering for Brekkane

Eg har ingen kommentar ,hvis kommune vil ha en plan med utbygging av bustad.

Fra: Sven Michaelis <Sven.Michaelis@kartverket.no>
Sendt: måndag 29. mars 2021 14:14
Til: Cecilie Breiteig
Emne: SOSI-kontroll-feil: 19/780-19 Revidert
planframlegg - Detaljregulering Brekkane - Hareid
kommune


Vedlegg: Detaljregulering Brekkane - Hareid kommune-Kontrollrapport.xlsx

Hei,

Det er en del feil og unøyaktig tegning ved støysoner i planen, se også kontrollrapport.


- Flere plasser med overlapp flere plasser

-




- Rp-støy mangler flere plasser


-



- Rp-støy grense ikke identiske med plangrense



-



Med vennlig hilsen

Sven Michaelis

Sven Michaelis
Senioringeniør
Kartverket Møre og Romsdal
Tlf./mob.: 32 11 85 88 / 971 44 056
E-post: sven.michaelis@kartverket.no



Ta miljøhensyn - Trenger du virkelig å skrive ut denne e-posten?

Fra: Cecilie Breiteig <cecilie.breiteig@hareid.kommune.no>

Sendt: fredag 26. mars 2021 12:41

Til: MGR_plan.mrfylke <plan.mrfylke@kartverket.no>

Emne: 19/780-19 Revidert planframlegg - Detaljregulering Brekkane - Hareid kommune

Sjå vedlegg

Hei!

I samsvar med plan- og bygningsloven §12-10 vert Detaljregulering for Brekkane planID 20180002 lagt ut til offentlig ettersyn.

Merknader merka med namnet til planen og planident 20180002 kan sendast kommunen på e-post: postmottak@hareid.kommune.no eller som brev til Rådhusplassen 5, 6060 Hareid. **Frist er 17.05.2021**

Mvh.

Cecilie Breiteig, planleggar i Hareid kommune